



---

# Notat

---

Til: Anne Lise Molvik

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad  
Vår referanse: 15/3959 - 10 / Gbnr - 171/13  
Dato: 10.05.2016

---

## Emne: Svar på ber om ny uttale pga nye opplysningar i saka - gbnr 171/13 Seim.

Teknisk drift syner til førespurnad om uttale vedkomande dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for etablering av renseanlegg –gbrn 171/13 Seim.

Teknisk drift har vore på synfaring og vurdert forholda på staden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 8,0m.
- Eigedom ligg på eit nivå som er høgare enn kommunal veg. Under synfaring vart det registrert at det kjem mykje vatn frå eigedom ut i kommunal grøft og til vegkropp. Det har oppstått fleire hulrom i skråning mot eigedom. Etablering av minirensanlegg vil kunne påvirke dagens infiltrasjon av vatn i grunnen. For å ikkje forværre situasjonen i området må ein forsterke fordrøyninga frå anlegget slik at vatn ikkje vert ført til veggrøft/veggkropp. Dette kan gjerast ved:
  - 1) Forlenging av etterpolerings/infiltrasjonsgrøft, eller
  - 2) sette inn ei fordrøyningskum etter den infiltrasjonsgrøfta som er vist på innsendt situasjonskart.
- Kommunalt leidningsnett ligg i grøft på motsatt side av vegen. Det vil derfor ikkje være aktuelt å føre vatn gjennom kommunal veg.

Linda Folkestad

